

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE, NAUSTDAL, HOLSEN OG HAUKEDALEN SOKN

NR. 3 HAUSTEN 2024 82. ÅRGANG







DEN NORSKE KYRKJA  
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

#### FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde  
Tlf.: 57 82 81 80  
www.sunnfjordkyrkja.no  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30  
Prost: Knut Magne Nesse  
Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen  
Prest: Carsten Langeland  
Diakon: Anita Øvreås Rusken  
Driftsleiar: Ingvar Vagstad  
Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye  
Økonomileiar: Trond Herløund  
Kantor: Gro Gunnarson  
Kateket: Heidi V. Styve  
Kyrkjeverje: Sissel Vartdal  
Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og  
Gry Sætre  
Prosjektleiar: Johanne Thingnes Leira

#### NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,  
postboks 90, 6806 Naustdal  
Tlf.: 57 82 81 80  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.  
Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.  
Sokneprest: Rigmor Frøyen  
Prest: Fredrik Bråttvik  
Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend  
Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland  
Kantor: Erlend Os  
Kyrkjelydspedagog: Silje Sørebo

#### FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar: Terje Sæle

#### HOLSEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Eline Styve  
Reinhald: Jorunn Holsen

#### HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

#### NAUSTDAL KYRKJE

Dagleg leiar Jenny Ødven Snildal  
Klokkar/kyrkjetenar: Sigrun S. Savland

#### VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:  
Mette-Elin Standal Sæther

#### FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

# Nytt frå redaksjonen

Hausten er her og mange kyrkjelege aktivitetar er i gang når Helg og Heim kjem i postkassa. Om det er noko du vil vere med på, er det ikkje for seint å bli med! Her er mange tilbod, frå baby-song, barnekor, Ope hus for ungdom, til kyrkjekor og 10-kaffi for vaksne. På siste side står det om nysatsinga for unge – Prosjekt Kraft. Prosjektet inneber oppstart av fleire tiltak for unge, og skal dete lukkast må informasjon nå ut. Kjenner du nokon som vil vere med på dei ulike tilboda, vere frivillig, eller kan støtte tiltaket økonomisk, så vis dei bladet!

Den viktigaste samlingsstaden i kyrkja er uansett gudstenesta. Presten Trygve Thomassen, prest i Naustdal frå 1927 til 1931, han som tok initiativet til kyrkjebladet Helg og Heim, blir sitert inne i bladet: «*Eg held på det, at ein skal*

*fara til kyrkje, kven det no er som preikar.*»

Vi prøver å sikre at gudstenestelista og anna informasjon er rett, men veit at det kan skje endringar. Men har ein for vane å gå i kyrkja, kan ein få ei god overrasking om ein kjem til noko anna enn det ein forventar.

Bjørn Inge Geithus kom rett frå oppdrag i Ukraina til intervju med Helg og Heim. Lat deg inspirere av ein som gjer meir enn dei fleste for å gjere verda til ein betre stad!

Til slutt minner vi på giroen som lå i forrige nummer. Det er ikkje for seint å betale bladpengar! No har vi fått QR kode til Vippsnummeret til Helg og Heim, sjå under. Dermed blir det litt enklare å bidra til at vi kan halde bladet gåande.

*God haust!*

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

#### Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- [hanne.schnitler@eninvest.net](mailto:hanne.schnitler@eninvest.net)
- [jenny.snildal@gmail.com](mailto:jenny.snildal@gmail.com)
- [annbjorg.hesselberg@gmail.com](mailto:annbjorg.hesselberg@gmail.com)

#### Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

#### Trykk:

ETN Grafisk

#### Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim.  
Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor

**Frivillig bladkontingent**  
**Kr. 350,-**

**Bankkonto:**  
**3705.15.33896**

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

#### VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»



## Utgjevingsplan 2024

Nr. 4: Stofffrist: Onsdag 23. oktober. I posten veke 48.  
(Det kan komme endringar.)



**Framsdebilde:** «Agentar for skaparverket» utforskar flaumskogen langs Jølstra. Foto: Hanne Schnitler



Vesle Mari blir døpt. Foto: Ingvald Frøyen

## Stor dåpsdag ved Svobrua Friluftsområde

I friskt og kjølig dåpsvatn, henta direkte frå Svovatnet, blanda med varmt Naustdals-vatn, vart dei bunadskledde tvillingane Mari og Iver døypte 16. juni.

Tekst: RIGMOR FRØYEN

Under eit ope telttak, med Svovatnet og fjella bak som altertavle, var det ei fantastisk vakker ramme for dåpsdagen. Stor takk til entusiastiske frivillige, som hadde gjort ferdig den nye parkeringsplassen og sett opp telt og stolar. Trafikk-dirigering var det også ordna med. Folk strøymde til,

berande på campingstolar og varme tepper. Etterkvart kom også sola fram, så dagen vart ei uforgløymeleg oppleving. Naustedalen spelemannslag sørga for fin musikk og Emil Horstad tonefølge til salmane. «Fylt av glede over livets under» var dagens dåpssalme. Dagen vart fylt av glede og takksemnd, for alle i kyrkjelyden og ikkje minst for famili-

en. Karoline og Odd Øyvind Kringlen er takksame, stolte og glade 4 barnsforeldre, sjølv om det også kan vere noko hektisk. Tiril på 6 og Tonje på 3 år er stolte storesøstre.

Etter gudstenesta vart det diska opp med kaffi og gode saker attåt. Mange drog rikare og gladare heim denne søndagen, dagen som vart omtalt som ei «storhending».



Frå venstre: Farmor Britt Kringlen, fadder Ragnbild Vatne Kringlen med dåpsbarnet Mari, foreldra Karoline og Odd Øyvind med storesøstre Tiril og Tonje, Wenche Simensen med Iver og fadder Guro Kringlen. Foto: Rigmor Frøyen



Gudsteneste med Svovatnet som altertavle. Foto: Ingvald Frøyen.





## TIL ETTERTANKE

Av GRY SÆTRE  
Kyrkjelydspedagog

# Den verdifulle perla

*Det var ein mann ein gong som sa så mange underlege ting, og gjorde så mange vidunderlege ting at folk følgde etter han.*

Forteljinga er i gong, barna sit i ring rundt meg og ser på tinga eg har på golvet framfor meg. Eg har skifta sitjestilling og toneleie.

*Og då dei følgde han, høyrde dei han tala om eit rike. Men det var ikkje det riket dei budde i. Det var ikkje slik som noko rike dei hadde sett og besøkt. Det var ikkje slik som noko rike dei hadde høyrte om før. Og dei kunne ikkje for det, men dei måtte berre spørje mannen korleis Himmelen var. Då fortalte han om kjøpmannen som drog ut for å leite etter fine perler. Då han fann ei verdifulle perle gjekk han og selde alt han eigde og kjøpte den.*

Denne forteljinga har eg fortalt til 8 og 9 åringar som er med på trusopplæringstiltaka våre. Sjølv om det er ei kort forteljing med berre to setningar så kan eg bruke fleire minutt på å dramatisere den. Til dramaet brukar eg trefigurar og enkle tøyestykke, og det viktigaste; marmorperler.

Kjøpmannen går frå hus til hus og ser på perler som er å få kjøpt. Han må sjå på fleire perler og til slutt finn han den verdifulle perla. Men den er dyr. Han prøvar først å kjøpe den med alle sine pengar, men endar med å selje alt – til å med huset sitt.

Barna er stille medan eg held fram med forteljinga. Det er få ord; ei blanding av pantomime og bordteater. Dei held med kjøpmannen og når han til slutt rullar saman huset sitt, legg det opp i senga og sler den tungt bort til seljaren så er dei heilt med.



*På bordet ligg den verdifulle perla.*

Men så kjem mine spørsmål til barna; Eg lurar på om mannen er lukkeleg no når han eig perla. Eg lurar på om seljaren er lukkeleg når han har så mange ting. Eg lurar på kva vil barna ofre alt dei eig for å få. Eg lurar på kva er den verdifulle perla for oss.

Barna seier: perla kan vere jorda - kanskje vi må ofre mykje for å ta vare på den, perla kan vere våre næmaste som vi er glad i, vennskap er også verdifullt, fred på jorda, ingen sjukdom eller krig.

Jesus fortalte om himmelen, kanskje vi ikkje tenker så mykje på himmelen – vi lever her og no og tenker ikkje så ofte fram i tid! Er himmelen ein stad vi skal kome til når vi dør? Er den verdifulle perla hos oss i dag? Jesus har gitt oss noko å tenke på. Han ber oss om å leite etter den verdifulle perla, og vi må rekne med å betale mykje for å få den, kanskje alt vi eig.

Kva er den verdifulle perla for deg?



### Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmøledagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller [ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no](mailto:ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no)



### Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: [kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com](mailto:kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com)



# Med agentar i flaumskogen

«Agent for skaparverket» er eit av trusopplæringstilboda i Førde kyrkje. I år var agentane med og utforska oreskogen langs Jølstra.

Tekst og foto: Hanne Schnitler

Langs Jølstra er det fleire små område med flaumskog. Har denne skogen noko å vise oss? Det ville 10 barn og nokre vaksne finne ut av. Men først var det samling i Førde kyrkje. Der fortalte trusopplærar Gry Sætre om Gud som skapar, og kva ansvar vi menneske har for å ta vare på jorda. Alle fekk lage kvart sitt armband med tre av perlene i Kristuskransen.

Deretter gjekk turen til Førde Camping der vi vandra inn i lauvskogen mot elva. Her er ingen furutre eller blåbærlyng som vi finn i naturen elles. Men rogn, bregnar og blomar trivs under trekronene. Snart høyrer vi berre elvesus og fuglesong. Vi plukkar vakre blomar til gudstenesta i kyrkja på søndagen.

– Kva lever fuglane av? – Mygg og insekt og frø og sånt! Jau, dette visste dei. – Og fisken i elva, kva lever den av? – Jau, det er vel insekt, vel. Vi går ut på elvbreidda og ser på den kraftige straumen.

– Pass på! Det er ikkje godt å falle uti den straumen! Korleis hadde det vore om ikkje trea sto her? Trerøtene held på jorda langs elvbreidda så den ikkje forsvinn med straumen. Og kvart tre sug opp store mengder vatn. Men det som veks her, må tole at det flaumar over av og til.



Best å passe seg for straumen.

– Det er mange knekte og daude trær her. Burde nokon fjerne dei? Ville det blitt finare her då? – Jaa! Men ei jente nøler: – Men bur ikkje insektene i slike tre då? Jau, det gjer dei jo. Vi finn eit gamalt mosegrodd tre som ligg på bakken. Her er nokre små runde hol, kven bur der tru? Og vi ser mose, lav og sopp som er med og bryt ned treet og frigjer næringsstoff til nytte for nye vekstar.

Ikkje alle følgjer med, då er det meir spanande å springe opp på trebrua og sjå ned i vatnet.

– Sjå ein fisk! Og ein til! Her i desse sidekanalane må det vere trygt for småfisken, og at dei har noko å leve av har vi jo oppdaga.

Gry Sætre kjem med bollar og saft. Det seier ingen nei til. Og ikkje er det dumt med eit område med nyslått gras å springe på heller. Så har vi fått noko å tenke på neste gong vi ser eit skogholt som ser litt rufsete ut.



Kva skjuler seg her?



Gry serverer bollar og saft til svoltne agentar.



# Med hjelpesendingar frå Førde til Ukraina og Filippinene

Bjørn Inge Geithus har dei siste åra stått i spissen for hjelpeprosjekt i land der nauda er stor. Prosjekta har sterk lokal forankring i Førde og Sunnfjord. Han er nett komen tilbake frå Ukraina etter ein nær 14-dagers tur med fullasta bil og hengar med sjukehusutstyr og andre varer det er akutt behov for i det krigsherja landet.

Tekst: REIDAR EIDE

– *Kvifor brukar du tid, pengar og krefter på dette?*

– Eg vaks opp med inntrykka frå Biafrakrigen, med bilete av magre og utsvelta ungar på netthinna. Eg skjønnte allereie i barneskulealderen at ikkje alle hadde det like godt som eg her i Norge. Dette gjorde inntrykk på meg! I vaksen alder vart eg invitert med i Rotary her i Førde. Rotary er jo ein organisasjon som jobbar i denne bransjen her, med hjelpearbeid både lokalt og internasjonalt. Dette gav meg eit høve til å få realisert noko av engasjementet mitt.

## Vinn-vinn!

– Vi fekk for nokre år sidan besøk frå utbyggingsleiinga ved sjukehuset her. Dei fortalte om utbyggingsplanane framover. Då tenkte eg at det blir sikkert ein del utstyr som måtte fornyast som kunne kome til nytte andre stader. Eg trur eg kan seie at dette vart ein vinn-vinn situasjon for Sentralsjukehuset og det vi i Rotary jobba for. Dei hadde eit lager på Sanderplassen som måtte tømast raskt på grunn av avslutta leigeavtale. Vi i Rotary heiv oss rundt og

fekk sikra oss senger, nattbord, kommodar, rullestolar, mikroskop, elleve smertepumper og anna utstyr som skulle skiftast ut på sjukehuset. Frå før hadde eg kontaktar etter eit besøk i Manila. Der var det sjukehus som med glede tok mot alt vi hadde! Dette var tidleg i 2021. Vi fekk hjelp av alle Rotaryklubbane på Vestlandet til å betale frakta ned. Eg var nede i Manila for å sjå om utstyret vårt var kome i bruk,- og det var det! Behova der er framleis store, men no har jo verda teke ei ny vending med krigen i Ukraina.

## Ukraina

– Eit fritt og uavhengig demokrati vart utsett for eit fullska-

la angrep. Det ser eg på som eit ran, og eg kjende på at eg som bur trygt og godt i Norge, ikkje kunne vere komfortabel med å sitje med hendene i fanget å sjå på, utan å prøve å hjelpe. Vi i Rotary tok kontakt med hjelpeorganisasjon HMM som er lokalisert på Haukeland sjukehus. Dei har eit sterkt engasjement i mellom anna å få etablert mobile feltsjukehus som det på grunn av krigen er store behov for. No må eg i denne samanhengen fortelje om det kvinnelege Banduraorkestret som besøkte Førde og fleire andre stader i landet med konsertar no i vår. Denne turneen var det Rotary som organiserte. Heile turneen gav om lag tre millionar

kroner inn, som i sin heilskap gjekk til å finansiere desse mobile sjukehusa. Det vart godt og vel seks slike sjukehus som kom ut av dette! Ei oppleving for alle, trur eg, både musikalsk og for alle involverte.

I august køyrde Bjørn Inge og Ingvar Myrvollen frå Florø ein fullasta varebil med hengar til Ukraina. Vi køyrde på skift, og skaffa oss rimelege overnattingar undervegs. Ingvar er særst engasjert i hjelpearbeid, og har vore i Ukraina ti gonger. Han har oversikt over samarbeidande organisasjonar som er til å stole på, og er flink med organisering og tollpapir.

## Takk!

–Eg må seie at vi vart veldig, veldig godt mottekne. Vi har fått mykje takk som eg gjerne vil bringe vidare til dei som hjelper oss. Det gjeld både enkeltmenneske, lag og bedrifter i Førde. Det er fantastisk å oppleve. Dag Arne Savland låner oss sin private bil, vi får låne gratis hengar med Meca og Agnar Hellenes stiller med økonomisk støtte og gratis lager for oss. Sjukehuset og alle apoteka stiller med varer som held på å gå ut på dato, men som framleis kan brukast. Elvetorget stiller opp,



Bjørn Inge Geithus og Ingvar Myrvollen har eit tett samarbeid med hjelpesendingar til Ukraina. Foto: Ingvar Myrvollen.



Bjørn Inge Geithus. Foto: Reidar Eide

vi har fått mange godkjende brannsløkkingsapparat frå bedrifter, private, burettslag, og no i sommar overleverte eg personleg ein stor tung vedovn, heimehøyrande i Jølster, til ei eldre dame i Lviv. Alt vi får inn har stor verdi for dei som er i naud!

Det har vel gått litt under radaren i media, men det er eit enormt engasjement i Norge og mange andre land når det gjeld hjelpearbeid til Ukraina. Frå Oslo går det t.d. ein til to trailerar i veka med hjelpesendingar. Vi møter folk frå heile det vestlege Europa som køyrer hjelpetrailerar. Det er ein jamn og lang straum med hjelp. Vi kan kjenne oss små i møte med ufatteleg naud, men til saman er det mykje hjelp som kjem inn. Den militære hjelpa er sjølvsagt viktigast, men ein annan dimensjon som eg sjølv ikkje har tenkt så mykje på, er berre det at vi kjem til dei. Dei ser at vi kjem for å hjelpe. Det har noko å bety for tanken, for motivasjon og framtidshåpet.

– Vi har vel alle noko som kan kome til nytte for dykkar hjelpearbeid?

– Ja, eg får om lag dagleg spørsmål om vi er interesserte i varer dei vil gje bort. -Ja, ja, kom med det, seier eg! Vi har gode kontaktar med viktige hjelpearar for oss. Kårstad transport har t.d. gitt oss veldig lave prisar for å frakte dei store tinga til Bergen, der dei blir lasta over på containerar, og deretter køyrd til Ukraina. Nettverk er alfa omega for å få ting til å skje!

– Planar vidare?

### Julepakkar til ukrainske born

– I fjor tok eg kontakt med ho Jenny, ordførar, og la fram plan for å samle inn julepakkar til born i Ukraina. Kunne det vere ein god ide å engasjere barnehagane i Sunnfjord og borna der til å lage til ein pakke kvar? Ho tende på ideen, formidla han vidare, Barnehagane leverte, og til slutt kunne vi laste opp 1031 pakkar som Ingvar Myrvollen sjølv køyrde

til Ukraina,- aleine og om vinteren. Vi gjer det kanskje ikkje slik neste gong, men det gjekk no fint. Gåvene vart leverte, og mange barn vart glade!

I år har vi planar om å engasjere Rotarydistriktet frå Egersund til Nordfjord. Då vil det vere mogleg å tidoble talet på pakkar. Alt her er ikkje klart, men vi har kontaktar i forsvarret. Dei har fly som går nedover. Ein hengar kan romme 1000 pakkar, men for 10000 må det andre framkomstmid-



Stor glede og takk frå Ukraina for 1031 julepakkar frå born i Sunnfjord. Foto: Olga Kl, Ukraina

del til! Julepakkeinnsamling blir det uansett i haust også.

– Er det berre barnehagebarn som lagar julegåvepakkar?

– Vi har vel mange av oss leikar på loftet etter ungane som flyttar ut.. Det treng ikkje vere berre leikar, det kan vere vottar, luer, kjølevifter osv. Klimaet der er hardt, vintrane kalde, og somrane ulideleg varme. Vi har fått ein fantastisk respons frå sunnfjordingane. Det er tommel opp over alt! Dette gjev inspirasjon for vidare arbeid!

### Plan Norge

– Då eg jobba på Førde camping, arbeidde vi for å få han godkjend som miljøfyrtårn. Då fann vi ut at når det galdt å få minimert bossmengda vår, kunne vi pante alt pantbart, og la pengane gå til Plan Norge sitt fadderbarnopplegg. Vi fekk inn nok pengar på pant til å hjelpe to jenter på Filipinene med skulegang, mat til heimen, vaksinasjon, helse mm. Pengane går ikkje berre til personen vi hjelper, men til nærmiljøet. Eg har vore ned og sett at hjelpa er komen til nytte. Arbeidet til Plan Norge vil eg verkeleg anbefale!

– Eg besøkte ei fødestove på Filipinene på ein av dei stadene som vart hardast ramma av flodbølga for nokre år sidan.. Der var tre ting der inne,- ei jernseng med madrass, ei taklampe og ei bordvifte. Dei viste meg inn på eit siderom og kom ut med ein gammal samanleggbar rullestol. Sjå her kva vi har fått! sa dei begeistra. Det får meg til å tenkje. Vi har det uendeleg godt her hos oss i Norge. Og vi har høve til å hjelpe! Det kan kjennest lite det vi gjer, men til saman gjer det ein stor forskjell!



# Bergensguten som tala nynorsk

Dette var berre ein av grunnane til at Trygve Thomassen vart ein vel omtykt prest her i prestegjeldet. Men kva var det for budskap han bar fram? Korleis var det å lytte til ei preike kring 1930? Det skal vi sjå etter svar på i denne vesle artikkelen.

Tekst og foto:

ANNBJØRG EIKSUND HESSELBERG

## Døyde ung

Familien Thomassen vart litt legendarisk, fordi presten Trygve (25 år gammal då han kom til prestegjeldet) saman med kona Solveig var mykje med på samlingar i lyd og lag med songen og musikken sin. Dei hadde såleis ei brei kontaktflate i Naustdal. Og så tala han altså på «målet», nynorsk.

Endå meir legendariske vart dei nok fordi dei på tragisk vis omkom då rutebåten Jardarland vart råka av ei mine og totalforliste i Boknafjorden første krigsåret. Dei var då på veg frå Stavanger til Naustdal. Her hadde dei etter presteåra 1927-31 fått seg ei tomt til ei hytte, som no var i ferd med å bli bygd. Vi kan vel berre tenkje oss reaksjonar i bygda då folk forstod kva som hadde hendt på vegen.

## Forkynnaren

Men kven var res.kap. Thomassen? Ja, han som faktisk også starta kyrkjelydsbladet – det som du no held i hendene, og som etter kvart fekk namnet Helg og Heim!

Helg og Heim har fått i hende ei preikesamling som vart utgjeven i 1944, med føreord av biskop J. Chr. Petersen, som seier: «Det har vært en glede å lese gjennom hans prekener. De er hjertevarme og oppbyggelige, en fulltonende Kristusforkynnelse.» Boka gjev eit godt bilde av ein grundig og djuptpløyande forkynnar,



Trygve Thomassen har fått sin plass glas og ramme i prestegalleriet i Naustdal kyrkje.

som brann etter å kalle folk til kyrkja og gi dei evangeliet. Boktittelen er talande og representativ for det denne presten hadde som fokus for si gjerning: *MED GUD I HJARTA*.

Her høver det med eit sitat frå boka:

«Eg held på det, at ein skal fara til kyrkje, kven det no er som preikar. Det er ikkje presten sin person som skal avgjera om du skal fara til kyrkje. Tenesta er den same. Prestane

skifter, og ikkje er presten den same kvar gudsteneste. Stundom kunne du gjera det mykje betre enn presten. (sic!) Det er eg viss på. Men tenesta i seg sjølv, gudstenesta, skal du ikkje vraka for det.»

Han hadde mykje på hjarta, og han var grundig førebudd. Underteikna kan ikkje skryte på seg å ha lese heile boka, men å dømme etter innhaldslista, ser det ut til at kyrkjelyden måtte ha både god tid og



god konsentrasjonsevne. Oppbygginga av preikene er flytande tekst, utan overskrifter og punktmarkeringar. Men eg ser for meg at sjølve stoffet og innhaldet kunne engasjere og halde oppe interessa gjennom den halvtimen det kanskje tok. Her er nokre smakebitar av overskriftene (kvar preike fyller 6-7 sider):

PREIKOR: Kyrkjegonge – Guds lam – Himmelriket er nær – Ha tru til Gud – Barnet og åndsvoksteren – Har me bruk for ei Johannesrøyst? – Rette rikdommen – Den kristne og døden...

Dette er preiker som vart haldne rundt 1930, og det er interessant å sjå dette tildsbildet:


*«Europas folk er ulukkelege, det er klårt for alle. Men kva botnar ulukka i? Kva er den djupaste årsak til ulukka? Det synest meg vera den ting, at det kristne Europa har vendt seg bort frå Gud. Guds ord har vorte for gammalt for oss, det har beint fram vorte for simplt. Og når folk tykkjest vera så «opplyste» at Guds ord inkje verd har for dei, så er det ikkje å undrast på at det går gale.»*

Thomassen refererer ofte til den åndelege situasjonen i samtida, og legg inn ein sterk appell om å lite på Gud og leve i tru:

*«Den kostelege gåve som heiter tru til Gud, kan verta di. Du får henne hjå Jesus. Jesus har den meistarlege evne at han gjev eit menneske tru og tillit. I alle ting. I det største og i det minste. Når det gjeld liv og død.... Og når det gjeld kvardagslege ting. ...Vår tid er ei opprivi tid.»*

Han er talsmann for det kompromisslause og utfordrande valget:

*«At Jesus set eit menneske på val, på eit anten – eller, det må vera klårt for oss. Jesus vil noko heilt. Ikkje fyrst dette og hitt – og så fylgja han. Ikkje*



Preikesamlinga frå 1944.

*fyrst gå heim og jorda får, når du har kallet frå Herren no. Ikkje fyrst omsyn til dei heime eller til andre. Fyrst Guds rike, det som har størst verd.»*

Med ein slik teologisk ståstad var det mange som tok han til hjarta. Kanskje var det også somme som syntes det vart krevande, men om det teier den soga vi har tilgang til. Thomassen vart eit eksempel på 'dei unge døde' – kven veit kva det kunne blitt av han om han fekk eit langt liv, kan vi undrast.


Til sist i boka kjem ei samling aforismar, korte og fyndige formuleringar. Av desse trekker eg fram ei som viser at den godaste Thomassen tydelegvis også hadde eit glimt i auga i kombinasjon med det djupe Alvoret.

*«Kristus har ikkje sagt at hans disipler er verdens diamanter, men verdens salt.»*

Takk til Einar Skudal, som fann denne skatten av ei bok i hylla etter mor si, Anna Skudal.

**KRISTUS HAR IKKE SAGT AT HANS DISIPLER ER VERDENS DIAMANTER, MEN VERDENS SALT.**





# Trusopplæring

For meir informasjon sjå [www.kirken.no/sunnfjord](http://www.kirken.no/sunnfjord), eller last ned appen **MinMenighetsportal**. Følg også med på facebookssidene til Førde kyrkje og Naustdal kyrkje. **Vi minner om at aktivitetane og tiltaka våre er opne for alle.** Ein treng ikkje vere medlem av Den norske kyrkje.

## STØRST AV ALT

### Trusopplæring i Førde sokn:

#### 0 – 1 ÅR:

#### Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. For barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta med matpakke! Vi serverer te/kaffi.



#### 1 – 3 ÅR:

#### Krøllesamling

Kvar onsdag kl. 17.30 – 18.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. Vi syng og leikar i lag.

#### 10 – 12 ÅR:

#### Ope hus

Klubb-kveld med leik, formidling og kiosk fredagar frå kl. 18:00 – 19.30 på Førde Kyrkjetun:

- Fredag 18. oktober
- Fredag 8. november



*Hallo Venn hausten 2023 vart ein suksess.*

#### Hallo Venn

27. oktober kl. 16.00 på Førde kyrkjetun

Eit kjekt familiearrangement for heile familien!

#### Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

**Knøttekor** ca. 3,5 år til ca. 5 år:

Kl. 17.20 – 18.00

**Aspirantkor** ca. 6 år – 2. klasse:

Kl. 18.05 – 18.50

**Barnekolet** 3. klasse og oppover:

Kl. 18.55 – 20.00

Har du lyst å bli med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje». Kontingent per semester: kr. 200.

### Trusopplæring i Naustdal og Vevring

#### Babysong

Annankvar onsdag i partalsveker kl 11.15 til 12.30 på Naustdal kyrkjelydshus.



#### Naustdal barnekor

Kvar onsdag frå 13.15-13.45 er det øving for 1 – 4. klasse. Ved Silje Søre-bø og Erlend Os.

#### Gudsteneste med utdeling av bok

20. oktober kl 14.00:

Utdeling av bok til 6 åringar i Naustdal kyrkje. Mat og aktivitet etter gudstenesta.

17. november kl 11.00:

Utdeling av Bibelbok til 10 åringar i Naustdal kyrkje. Dåpsfest og Bibelknask-samling i tillegg.

17. november kl 14.00

i Vevring kyrkje:

Utdeling av bøker og anna materiell til barna.



## Vakuumveka 2024

I fire dagar rett før skulestart var over 50 barn frå Førde, Holsen og Haukedalen, og for fyrste gong og frå Naustdal, samla på Førde barneskule,

*Framsying med song og dans i Førde kyrkje*

i kyrkja, med padling på Bekkjavatnet og på turar i nærmiljøet. Temaet i år var Skapinga. Kvar dag starta med morgonsamling der Heidi Voltersvik Styve fortalde om skapingssoga i Bibelen. I tillegg til ulike aktivitetar, var det både

song og dans som skulle øvast inn. Då var det godt å ha ungdommar med som medleiarar. Stor takk til dei!

Fredagen var det fram-syning i kyrkja, og det var ikkje lite dei hadde klart å lære på fire dagar!





- Designmøblar
- Eldstader for hus og hytte
- Montering - rehabilitering

**ATLE an**  
**NAUSTDAL**

Naustdalsvegen 5, Førde  
Tlf. 57 82 13 76




**Naustdal**  
Dampbakeri

KVALITET  
GJENNOM  
GENERASJONAR

57 72 41 40  
dampbakeriet.no

*Reiakvam*

- Din fotograf i Førde sidan 1946

57 82 19 77 / foto@reakvam.no  
reakvam.no

Gode tilbud på flis, beleggingsstein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

**Boligkompaniet**

www.boligkompaniet.com  
tlf. 906 19 654



**Finn din nye bustad hos oss!**

Moderne og lettstelte leilegheiter.  
Kom gjerne innom oss for ein prat, Halbrendssøyra 2 i Førde.  
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00



**Gravdal**gruppa

*Gravminne*  
*finn du hos oss*



**FAGMILJØ**

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

ALTI ● SPORTSKLEDE  
● SPORTSUTSTYR  
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport



*Astrid*  
**Blomster**

Elvetorget, Førde  
Tlf. 57 82 17 05  
astrid.blomster@interflora.no

**Spesialist på gamle klokker,  
veggur, lommeur og armbandsur**

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



**Roger Pettersen A/S**

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR  
6810 Førde - tlf. 907 32 380



MALER RUNE  
**SKILBREI**  
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!  
fb.me/malerskilbrei  
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?  
Vi har utvalet! Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!



**FØRDE**  
GJESTEHUS  
OG CAMPING

www.fordecamping.com 468 06 000 • Kronborgvegen 44



**EXTRA**

NAUSTDAL



**Best**

NAUSTDAL



## DET SKJER

### 10-kaffi på Førde kyrkjetun

Kvar onsdag frå kl. 10.00 kan du kjøpe deg kaffi og vaflar i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

### Førde kyrkjekor

Øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Vil du vere med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson.

### Kyrkja i byen



Kvar torsdag frå kl. 13.30 – 15.30, er vi på «Storebrua» mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkomen!

### Strikketreff

Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun. Bli med å strikke for «Ull og omtanke – Sunnfjord». Ta med matpakke, så et vi lunsj i lag.

16. og 30. september,  
14. og 28. oktober,  
11. og 25. november,  
9. desember.

### Tidebøn i

### Naustdal kyrkje

Velkomen til ei stille stund med lystenning, salmesong og veksellesing.

Datoar i haust:

25. september,  
9. og 23. oktober,  
6. og 20. november.

Alle dagar kl. 11.00.

## Konsertar

Ålhus kyrkje 28. september kl. 15.00:

**KYRKJEKONSERT** i samband med Landslovjubileet. Med Henning Sommero, Kim Rysstad, Synnøve Bjørset, Kyrre Eikås Ottesen og Førde kyrkjekor.

### Prosjekt Kraft

#### - Orienteringsmøte

Onsdag 18. september kl. 17.30 på Førde kyrkjetun.

### Loppemarknad

#### på Førde kyrkjetun

Laurdag 21. sept. 2024 kl. 10-14.

Velkommen til loppemarknad med sal og kafé på Førde kyrkjetun.

### Song i hausten

#### Holsen kyrkje

torsdag 31. oktober kl. 17.00

Musikk, allsong og enkel servering.

### Økumenisk bønesamling

#### Førde kyrkje

torsdag 7. november kl. 19.00

Bønesamling saman med dei ulike kristne trussamfunna i Sunnfjord. Vi ber for verda og lokalsamfunnet, for fred, samhald og forsoning.

Førde kyrkje 30. november kl. 18.00:

**JULEKONSERT** «Deilig er jorden» med Rein Alexander og Anita Skorgan.

### Inspirasjonsdag & Messedag for NMS Sunnfjord

Laurdag 2. november kl 12.00 – 17.00 på Førde kyrkjetun

Tema for dagen: TAKKSEMD

Open kafé med salt og søtt. Åresal, lykkehjul og sal av heimelaga varer.

Dagen skal inspirere til innsats for NMS og kyrkja sitt vidstrakte arbeid i heile verda.

Vil du bidra med varer eller som frivillig? Ta kontakt med underteikna.

Vel møtt til inspirerende dag i november!

For messekomiteèn:

Rigmor Frøyen (tlf. 489 57 436)

### Besøkstenesta i Førde sokn

Har du tid og lyst til å vere med å ha ei meiningsfull oppgåve? Nokre personar er allereie med i besøkstenesta i Førde, men det er plass til fleire. Diakon Anita Øvreås Rusken har ansvaret for tilbodet. Dei som er nye får rettleiing, informasjon om teieplikt, skriftleg avtale og tilbod om oppfølging. Anita er med på det første heimebesøket.



### Loppemarknad

Laurdag 21. sept. 2024 kl. 10-14. Sal av lopper. Kafé.

Velkomen til ein hyggeleg marknadsgdag med gjenbruk som motto!

Vi tek imot lopper fredag 20. sept. kl. 12-19. Vi ønskjer t.d. leiker, servise, gode barnkle, aktivitetsutstyr, el. artiklar, pynteting. **Ikkje** klede og sko til vaksne, ikkje leksikon.

FØRDE KYRKJETUN, TLF. 99 15 13 07



NORDISK KJØKKENDESIGN

**JKE**  
NORDIC KITCHEN DESIGN

Hafstadv. 34 (Bergegård)  
6800 Førde - tlf. 913 11 837  
ms@jke-forde.no



- møblar
- belysning
- gardiner
- utemøblar
- solskjerming

## MARIAS HUS

nordisk design · interiør · møblar

Tlf. 478 39 411  
Angedalsv. 4, Førde (Hukseth-huset)  
post@maria-hus.no | //mariahus.no



## FARGERIKE

NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDE

### Førde Fargehandel %

TLF. 57 82 99 50  
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER



# Song mot sommar

Det blei musikalsk sommarstemning då soknerådet i Holsen og Haukedalen inviterte til songkveld i Haukedalen kyrkje ein junikveld.

Tekst: BODIL FRØYSLAND  
Foto: INGVALD FRØYEN.

Kantor Gro Gunnarson er leiari for det musikalske og får med seg songarar og musikarar til Haukedalen. Det var både firstemt blandakor og damekor, samt kornett og piano. Allsong høyrer også med. Nils Gjerland deltok med refleksjonar om skaparverket og eigne dikt.

Det var ein fin songkveld med laust og ledig program. Soknerådet ordna med enkel bevertning i form av kringler og kaffi til slutt.

## Gode tilbakemeldingar

Dette er blitt eit fast arrangement i soknet vårt med Song mot sommar i Haukedalen kyrkje i starten på juni og Song i hausten i Holsen kyrkje i må-

nadskiftet oktober/november. Det har vore godt oppmøte på samlingane så langt, med om lag 50 deltakarar.

Soknerådet syns det er kjekt at mange kjem og set pris på desse songsamlingane. Bli med neste gong til Song i hausten i Holsen kyrkje!

## Spør i tid

*Vår dag frå i går  
er historie no.*

*Ein velviljens ven,  
sindig og god.*

*I morgon er framtida  
komen til oss.*

*Sugande kjem ho,  
ein flaumdiger foss.*

*Vindane slit og ruskar,  
i fana og draumen min.  
Så hjelp meg då granne,  
fang vindane inn.*

*Du står her i nord,  
i det høge rom.*

*So gløym ikkje fotefara,  
men tenk deg om.*

*Nils Gjerland*



Gro Gunnarson med songarar i Haukedalen kyrkje.



Soknerådsrepresentantane Laila Marie Nydal (t.v.) og Bodil Frøysland var fornøgd med kvelden.

**FARSUND FLIS**  
flis for alle

Kvalitet - Kompetanse -  
God service

Nytt, stort lokale  
på Sanderplassen 10 i Førde.

Kom gjerne innom og  
sjå vårt store utval.



**arnes**  
frisørhjørne

Timebestilling  
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35  
Langebruvegen 19  
6800 Førde

**RIKKE**

Langebruv. 26 (v/Domus)  
Førde  
Tlf. 472 56 398  
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL  
INNRAMMING  
BILDE



**Velkomen til oss!**

Elvevegen 1, Førde  
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar  
utanom torsdag . . . . . 11-15  
Torsdag . . . . . 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



# GUDSTENESTER

## Velkommen til kyrkje!

### SØNDAG 22. SEPTEMBER

Vevring kyrkje 11.00 Song- og musikk gudsteneste.  
50 års konfirmantar  
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

### SØNDAG 29. SEPTEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Haukedalen kyrkje 11.00 Mikkelsmesse og Hausttakkefest

### TORS DAG 3. OKTOBER

Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

### SØNDAG 6. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste med 50-års konfirmantar  
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste

### SØNDAG 13. OKTOBER

Vassenden kyrkjeseiter 11.00 Fellesgudsteneste i høve Jazz på Jølst

### SØNDAG 20. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
Vevring kyrkje 11.00 Minnegudsteneste  
Naustdal kyrkje 14.00 Familiegudsteneste. Utdeling av bok til 6-åringar  
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste

### LAUR DAG 26. OKTOBER

Førde kyrkje 13.00 Drop in dåp

### SØNDAG 27. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

### SØNDAG 3. NOVEMBER - HELGEMESSE

Naustdal kyrkje 11.00 Minnegudsteneste  
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje 16.00 Minnegudsteneste

### TORS DAG 7. NOVEMBER

Førde kyrkje 19.00 Økumenisk bønesamling



*Agentar for skaparverket har vore med og pynta kyrkja.*

### SØNDAG 10. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
Holsen kyrkje 11.00 Gudsteneste

### SØNDAG 17. NOVEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste. 10-åringar får Bibelbok.  
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Vevring kyrkje 14.00 Familiegudsteneste med utdeling av bøker.

### SØNDAG 24. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Haukedalen kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Instedalen skule 14.00 Gudsteneste i samarbeid med Instedalen krins.

### SØNDAG 1. DESEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste saman med Lys Vaken  
Naustdal kyrkje 19.00 Lysmesse med konfirmantar



## VIGDE

### FØRDE KYRKJE

1. JUNI  
Ingrid Risnes og  
Espen Andreas Eskås

22. JUNI  
Eirin Alvilde Nordeide og  
Martin Gjerde Skrede

29. JUNI  
Hildegunn Hellenes og  
Anders Bugge

3. AUGUST  
Cathia Lone Caviezel Baarøy og  
Daniel Klakegg Dvergsdal

### NAUSTDAL KYRKJE

15. JUNI  
Sunniva Kristine Mydland og  
Are Svorstøl  
Utevigsle, Øvre Kalland

Iris Ylvisåker og  
Arild Reiakvam

22. JUNI  
Hildegunn Rivedal og  
Bjørge Egil Sæterlid

29. JUNI  
Renate Hestenes og  
Vegard Aase

### VEVRING KYRKJE

15. JUNI  
Pamela Tamayo Vargas og  
Markus Myrvoll Horne

27. JULI  
Sunniva Thingnes Leira og  
Emil De Lijster De Raadt Fagerli



## DØYPTTE

## FØRDE KYRKJE

28. APRIL  
William Ness  
Oskar Kaewwanna Fossedal

19. MAI  
Theo Mølmesdal Bødal  
Leonard Strand  
September Lund-Førde

26. MAI  
Oliver Leander Skildheim  
Nikolai Hove Oppedal  
Sverre Aasen Holsen

2. JUNI  
Loke Egge Kalland  
Døyppt i Vassenden kyrkje

9. JUNI  
Isak Nyland Kriken  
Avelin Skår Råheim  
Ada Hagenes Kalstad  
Lian Follevåg Spurkeland  
Jon Henrik Norheim-Hellevang

16. JUNI  
Eveline Sylte Kjelsnes  
Hedvik Espelid Bøyum  
Loke Lerheim Wiik

23. JUNI  
Lias Osland Reed  
Ella Takset Tjønneland  
Lilah Olive Stubseid Nedrebø  
Døyppt i Askvoll kyrkje  
Nelli Skeie Hvidsten  
Døyppt i Fana kyrkje  
Mie Eilertsen Bjelland  
Døyppt i Nore Neset kyrkje

30. JUNI  
Mari Kirkebø Hundvebakke

14. JUNI  
Henrik Sæternes  
Døyppt i Kyrkjebø kyrkje

21. JULI  
Aron Lehmann Øvrebø  
Kristian Vie Heggheim  
Ariel Ripe  
Oskar Stadheim Bjørvik

28. JULI  
Martin Melheim Tvinde  
Døyppt på Sunnfjord Museum

11. AUGUST  
Emma Gjørven Vollan  
Tuva Kastet Langedal

## NAUSTDAL KYRKJE

21. APRIL  
Ella Solheim Knudsen  
Døyppt i Førde kyrkje

19. MAI  
Jenni Magnussen Grimseth  
Erik Magnussen Grimseth

16. JUNI  
Iver Kringlen  
Mari Kringlen  
Døyppte under  
friluftsgudsteneste  
ved Svobrua

30. JUNI  
Ada Horstad  
Oliver Tefre Birkelid

7. JULI  
Sofie Øverland Kibsgaard  
Vanessa Aven

14. JULI  
Paul Aase

18. AUGUST  
Aksel Åsnes Røyrvik  
Amanda Halland Vonen  
Mari Stølen Gjoringbø

## GRAVFERDER

## FØRDE KYRKJE

25.04 Per Einar Ekroll f.1932  
26.04 Elsa Lovise Berg Pettersen f.1932

Kapellet på Førde omsorgssenter  
26.04 Liv Bøyum f.1932  
07.05 Inge Kristoffer Haukedal f.1967  
14.05 Harald Kvamme f.1950  
16.05 Simo Seppo Sakari Koskinen f.1966  
24.05 Marie Ytredal f.1936

Sjukehuskapellet  
28.05 Gunvor Instebø f.1929  
Sjukehuskapellet

11.06 Jarle Grønnevik f.1952  
14.06 Sigurd Hegdal f.1933

Sjukehuskapellet  
18.06 Oddny Fauske f.1922  
Naustdal kyrkje

25.06 Tormod Martin Trælnes f.1935  
27.06 Anny Andrea Gjengedal f.1926

02.07 Bjarne Straume f.1939  
04.07 Sigurd Berge f.1953

09.07 Kirsten Furevik f.1956  
09.07 Andor Øvrebø f.1932

19.07 Knut Grimeland f.1928  
06.08 Arne Odd Hellevang f.1947

08.08 Ingrid Igland f.1929

## NAUSTDAL KYRKJE

16.05 Jon Konrad Birkeland f.1942  
31.05 Ruth Elfrida Baarøy f.1935

06.06 Joar Svein Helle f.1958  
Glenn Rino Myrvang f.1986

14.06 Odd Rune Kjøllesdal f.1945  
20.06 Jostein Sollid f.1937

Edgar Arve Smådal f.1970  
21.06 Kjetil Oddvin Fimland f.1955


27.06 Einar Martin Offerdal f.1939  
04.07 Sigvald Solås f.1925

30.07 Laura Alvhild Mortensbakke f.1931  
16.08. Ada Løuft f. 1929

## VEVRING KYRKJE

27.06 Marit Engebø f.1936  
13.08. Dagny Horne f. 1926





**Returadresse**  
Førde kyrkjekontor  
Kyrkjevegen 23F  
6809 FØRDE

# Prosjekt Kraft

## – nye tilbod til unge



*Johanne  
Thingnes  
Leira er  
leiar for  
Prosjekt  
Kraft.*

Førde sokn har starta eit nytt tilbod der unge skal få utfalde seg i gode fellesskap, bli bevisst sin unike verdi og finne håp for framtida i lys av den kristne trua.

Tekst: BJØRN-HARALD HAUGSVÆR

Prosjektleiar Johanne Thingnes Leira fortel med stor en-

gasjement om tilboda. – Vi ynskjer å skape møteplassar for ungdom etter konfirmanntalderen og for unge vaksne. Det vert arrangert ei samling for Kyrkjelyden **onsdag 18. september kl 17.30** der ein kan få meir informasjon om prosjektet. Her blir det også mogleg å melde seg som frivillig for Kraft. Påmelding til kvelden sendast til johanne.leira@sunnfjordkyrkja.no.

I haust vil vi starte opp fleire nye aktivitetar. «**Kraft-leiartrening**» er eit samarbeid

med det nasjonale nettverket Followme, og dei som deltek får vere leiar på konfirmantleir og delta på Followme-konferansen. «**Kraft-kreativ**» er arbeid med teikning og maling etter skuletid. «Kraft-samtaleneste» er eit gratis tilbod med samtale og/eller forbøn. «**Bære-kraft**» er sy- og reparasjonskveldar.

Etter ein forsiktig start i år, vil nye tilbod komme i 2025. «Kraft-gospel» blir song, suppe og sosialt for unge vaksne. «Kraft-friluft» er turar til

fots og på ski. «Kraft-påfyll» består av små fellesskap, lov-songskveldar og felles avreise til gudsteneste.

For å få dette til treng vi både frivillige vaksne som kan vere med, og faste gjevarar. Førde sokn skal samle inn 60 000 per år til prosjektet, og vi oppmodar om å bli fast gjevar til dette arbeidet. Her kan du nytte **Vipps 93395**, og kategori Kraft. Du finn meir informasjon om prosjektet og gjevarteneste på [www.kirken.no/forde](http://www.kirken.no/forde).

! **VIPPS 93395**  
KATEGORI «KRAFT»

**KRAFT**

